MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: 2. oktober 2026
STAD: Hol - Bygdahall

Desse møtte frå Regionrådet:

Jørund Li	Ål kommune
Janne Brøndbo	Hemsedal kommune
Sigrid Simensen Ilsøy	Hol kommune
Heidi Granli	Gol kommune
Anne Kari Eriksen	Nesbyen kommune
Merete Gandrud	Flå kommune

Desse møtte frå KRU:

Karsten Dideriksen	Ål kommune
Erling Glesne	Flå kommune
Ole Johnny Stavn	Hol kommune
Christine Larsdotter Vaagen	Nesbyen kommune

Desse møtte frå Buskerud fylkeskommune:

Iselin Haugo Stavn	(H)
Hans Petter de Fine	(R)
Hilde Aarø (adm)	

Desse møtte frå administrasjonen:
Jan Olav Helling
Maria Grevsgård
Guro Flatland Veslehaug

Forfall

Hege Mørk	Gol kommune
Bjarte Reve	Hemsedal kommune

SAK 60/26 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 28. AUGUST 2026

Vedtak:
Protokollen frå møte 28. august er godkjent.

SAK 61/25 BUDSJETT 2026 – REGIONRÅD

Vedtak
1. Regionrådet rår Hallingtinget til å gjera framlegg om at kommunane vedtek følgjande forslag til finansiering av regionalt arbeid:
   a. driftsbudsjettet 2027 for Regionrådet, med ei kommunal finansiering på kr. 3130 000
   b. gjennomføring av tiltak i strategisk plan med ei kommunal finansiering på kr. 900 000
   c. justering av disposisjonsfond med kr 388 144
2. Hallingtinget rår til at Regionrådet sitt disposisjonsfond blir på kr. 700 000 for 2027 og at ein går attende til vedtak på kr. 800.000 frå og med budsjettåret 2028.
3. Hallingtinget rår til at Regionrådet kan nytte inntil kr. 350.000 pr. år av disposisjonsfondet, til aktuelle tiltak som ikkje er budsjettert.
4. Hallingtinget rår til at det frå disposisjonsfondet kan nyttast inntil kr. 350.000 til interkommunale tiltak, der det ikkje er sett av midlar, men der kommunane er positive til deltaking. Føresetnaden er positive vedtak i den einskilde kommune.
5. Hallingtinget vedtek forslag til økonomiplan 2027 – 2030

SAK 62/25 BUDSJETT 2026 – ETABLERERTENESTA

Vedtak:
Regionrådet rår Hallingtinget til å gjera framlegg om at kommunane vedtek driftsbudsjett 2027 for Hallingdal etablerarsenter, med ei kommunal finansiering på kr. 1180 000

SAK 63/26 RAPPORT OM FELLES LEGEVAKT I HALLINGDAL

Vedtak:
Regionrådet støttar tilrådinga til arbeidsgruppa og sender legevaktsrapporten ut på høyring i kommunane for innspel og forankring. Saka skal attende til arbeidsgruppa for endeleg tilråding før Regionrådet får saka opp att.

SAK 64/26 REDUKSJON AV UTSLEPP I VASSOMRÅDET HALLINGDAL

Vedtak:
1. Regionrådet tar rapporten frå arbeidsgruppa til orientering.
2. Regionrådet ber arbeidsgruppa i samarbeid med kommunane og relevante fagmiljø prioritere vidare arbeid med:
   a) opprydding i spreidd avløp og foreslår tiltak som gir størst effekt
   b) vidare optimalisering av kommunale avløpsanlegg og reduksjon av overløp
   c) Hol kommune gjer ei vurdering på om kommunen bør bli med i KAV
   d) om det er behov for å innhente meir kunnskap med auka innsats på undersøking og prøvetaking av Krøderen med nedslagsfelt
   e) Samarbeide på tvers av kommunane i Hallingdal og med Krødsherad kommune
   f) finansiering av ressurs for oppfølging av landbruket med fokus på betre gjødslingspraksis og redusert avrenning.
3. Regionrådet ber om at desse tiltaka blir følgd opp, og at det blir gitt ein status i desembermøte.

SAK 65/26 ØKONOMISK MODELL FOR KOMMUNALE PLASSAR VED HSS

Vedtak:
1. Regionrådet tilrår at kommunane vedtar ny fordeling av kostnadene for kommunale senger ved Hallingdal sjukestugu tilsvarande modell 3 i saka.
2. Fordelinga er gjeldande frå 1. januar 2027
3. Regionrådet ber administrasjonen lage ei felles sak som skal til behandling i alle kommunar.

SAK 66/26 FRAMTIDIG HELSE- OG OMSORGSSAMARBEID I HALLINGDAL
Saka vart utsett

SAK 67/26 VIDARE UTVIKLING AV HØGARE UTDANNING I HALLINGDAL

Vedtak:
Regionrådet er positive til at det blir arbeidd vidare med forslag om ei felles regional overbygning for høgare utdanning. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe bestående av Regionrådet og næringslivet, som skal leggje fram forslag til organisering for regionrådet innan 31.12.2026.

SAK 68/26 NÆRINGSUTVIKLING. OPPFØLGING FRÅ REGIONRÅDSMØTE I JUNI
Adnan Helja frå Hallingdal næringshage gav ein statusrapport frå Næringshagen, Jan Olav orienterte om kva Hallingdal næringsforum er og litt om mandatet og Maria orienterte om Traineeordninga. (sjå vedlegg)

Vedtak:
Saka blir vidareført på Hallingtinget med mellom anna desse tema
- Korleis utvikle samarbeide mellom kommunar i Hallingdal og korleis bruke verkemiddelapparatet - konkrete eksempel.
- Kva skal me satse på i framtida - Grøn omstilling/ Hallingdal Missions
- Sats på Hallingdal 2.0
- Datasenter: overordna felles strategi og kraftkartlegging, kunnskapspåfyll og prioriteringar

SAK 69/26 ORIENTERING FRÅ DEI VERVA REGIONRÅDET ER INNE I
Sigrid:
- **SLT:** Ingen møte eller aktivitetar sidan førre møte. Neste møte er onsdag 25. november.
- **VINN:** Det vart halde ekstraordinær generalforsamling 8. september for å velja ny nestleiar. Tor Olav Sviggum vart vald.
- **Hallingdal Næringshage:** Generalforsamlinga vedtok at Regionrådet ikkje lenger skal ha observatør i styret. Difor har Regionrådet ikkje delteke på møte sidan førre regionrådsmøte.
- **Hallingdal Renovasjon:** Fyrste møte om revisjon av selskapsavtalen i HR blir halde 7. oktober på Gol. Arbeidet er planlagt forankra og vedteke i representantskapet før påske 2027.

Merete:
- **HFHS** har konstituert seg med ny styreleiar, **Kristin Walstad**.
- Trafikktryggingsforum har samling 14. okt. Jobbar med trafikkopplæring i skule og barnehage.
    - Det er behov for hjelp frå alle kommunane til å leggje ut informasjon frå **Trygg Trafikk** i kommunen sine sosiale medium.
    - Det går føre seg fleire kampanjar og folkeopplysingsarbeid der kommunen aktivt skal medverke til trafikktryggleik som samfunnsansvar.
- **Regional ROS:** Deltaking i arbeidet med felles ROS analyse. Det vart gjennomført ei svært god to dagars samling. 18 ulike scenario vart drøfta og nokre forbetringar var og oppe til drøfting – m.a. nytte ressursar og kompetanse i **Hallinghelse** og **Regionrådet** som ein del av den regionale beredskapsplanen.

Heidi

Samferdsel:

1. Orienterte om deltaking i styringsgruppe og Task force «Nye Bergensbanen samarbeidet»
2. Møte med samferdselsminister 6 okt. og Solveig i Transportkomitéen

Familievernkontoret

1. Møte med barne- og familiedepartementet ved statssekretær Helge Flø Kvamsås 23 oktober
2. Kunnskapsgrunnlag/formøter
3. Bedt uss inn i møte med regionleiinga i Bufetat 14 okt.

BFK:

Besøk av Hovudutval næring; gode diskusjonar på blant anna vasskraft, datasenter mm.

KS:

- Hovudstyre - besøk av arbeidsministeren mtp ev innføring av overtidsbetaling i deltid - EU dom
- Fylkesstyremøte - referere saksliste
- Husk påmelding til Hauskonferansen 19-20 okt. på Lillestrøm
- VVHF møte: m Drammen og Lier med revmatologi (Martina Hansen), urologi og utviklingsplan på agendaen
- Bilaterale konsultasjonsmøter med regjeringa, deltek på møte med KLD i desember

VIDJU: Siste runde m eigarstrategi møte 2. november

Anna:

- Møte med kommunal komiteen gikk ut, kjem attende med ny dato
- Fellesmøte med russen og berørte aktørar 7 okt.
- Informasjon til KRU om auke i budsjett til HBR - abonnementsutgifter for nødnett (428 000,-?)
- Regionrådet tatt frå observatørstatus i styremøte i Hallingdal Næringshage, kva gjer vi?

SAK 70/26 NYTT FRÅ BUSKERUD V/ Iselin og Hans Petter:

Breiband og digital infrastruktur

- Hallingdal er tildelt 9,58 mill. kr til breibandutbygging i Nesbyen, Hemsedal og Ål.
- Enkelte område i Nesbyen og Hol vart ikkje prioriterte innanfor årets ramme, og det står framleis att udekte behov.

Forsking, innovasjon og internasjonalt samarbeid

- Det er løyvd 250 000 kr til oppstart av eit regionalt EU-nettverk mellom Buskerud, Vestfold, Telemark og USN.
- Målet er å styrkje forsking, innovasjon og internasjonalisering, og ordninga kan bli relevant for utviklingsmiljø i Hallingdal.

Buskerudplanen og interessepolitisk arbeid

- Fylkesutvalet har bede om forslag til eit gjennomføringsfond for Buskerudplanen, med utgreiing av storleik, finansiering og kriterium.
- Det blir arbeidd vidare med ei felles interessepolitisk plattform for Buskerud for å styrkje den samla påverknadskrafta nasjonalt.
- Ei ny sak kjem opp i november, med vidare behandling fram mot Buskerudkonferansen i januar 2027.

Kultur

- Leveld Kunstnartun er innstilt på treårig driftstilskot for perioden 2027–2029.
- Sprang landsdelsscene for dans er innstilt på eittårig driftstilskot for 2027.

Folkehelse og stadutvikling

- Aktiv i Buskerud skal prioritere stadutvikling og inkluderande møteplassar, med kopling til Buskerudplanen.
- Ordninga kan bli aktuell for kommunane sitt arbeid med bulyst, deltaking og tilhøyrsle.

Samferdsel

- Det er sett av 200 000 kr til elevstyrte trafikksikringstiltak i skulane.
- Det er sett av 100 000 kr til transport til symjeopplæring i barnehagane.
- Ordningane gjeld heile Buskerud og kan vere aktuelle for kommunane i Hallingdal.

SAK 71/26 INFORMASJON FRÅ KRU + ADM

- Utfordrande økonomi
- Aukande forskjell mellom kommunane – ikkje minst grunna forskjellig økonomi
- Rekruttering
- næringsutvikling

SAK 72/26 SAL AV VARDAR – DRØFTING

Roar Flåthen og Robert Olsen orienterte om sal av verdiar frå Vardar. Hallingdal ønsker ikkje å drøfte mistillit til styret, men Heidi sørger for at kommunane i Hallingdal har eit formøte før neste generalforsamling.

SAK 73/26 EVENTUELT

Leiarsamlinga i februar

Blir på Storefjell 15. og 16. februar 2027. (send innkalling)
Målgruppe: Kommunedirektørar med leiargruppe og ordførar/varaordførar:
Tema:

1. Kva treng me for å bli enda betre på regionalt samarbeid? (oppfølgar til Øyvind Kvalnes og Sverre Mangrud) Regional samskaping og relasjonell kapasitet
2. Regional rekrutteringsstrategi - Me startar implementeringa saman.
3. Digitalisering og strategi. Korleis blir vi digitalt modne
   (opplegg gjennom IKT/Øyvind/digdir)

Flyt

Anne Kari orienterte om Flyt – eit opplegg i regi av kronprinsparets fond – som skal sikre overgang mellom ungdomsskole og VGS.

Bruk av KI – briller ifm kommunal aktivitet

Vedtak:

Regionrådet ber administrasjonen om å utarbeide eit skriv om midlertidig forbod mot AI briller eller anna utstyr som skjult kan ta opp eller analysere lyd, bilde og video

Bytte av dag for Regionrådsmøte i august

Dato for Regionråd blir bytta frå 27 aug til 25. august

Hallingdal, 27. sept. 2026

for rådsordførar

Jan Olav Helling
Dagleg leiar

Vedlegg 1



INFORMASJONSMØTE OM TRAINEE HALLINGDAL

Lær mer om Trainee Hallingdal og hør fra bedrifter som har erfaring med trainee.

15.00-16.00

15. oktober 2026

Møtet blir digitalt på Teams. Send e-post til maria@hallingdal.no for påmelding og link.

Trainee HALLINGDAL